



Vedlegg til NIBIO-rapport 10 (124) 2024

Tilleggsberegning for jordbruket rundt Hålandsvatnet

Til: Rogaland bondelag v/Irene Tjøstheim Finnstad

Fra: Grete Helland og Heidi Knutsen

Dato: 19.12.2024

Saksnr.: 24/000775

Verdiskaping i jordbruket rundt Hålandsvatnet

Bakgrunn

Hausten 2024 har NIBIO i samarbeid med Østlandsforskning ved Universitetet i Innlandet oppdatert verdiskapingsberegningar for landbruk og landbruksbasert industri i Rogaland. Metode og resultat frå desse berekningane er publiserte i Knutsen mfl. (2024).

I samband med at berekningane for landbruket i Rogaland vart oppdatert, ønskte Statsforvaltaren i Rogaland å få kartlagd kva verdier som vert skapt i jordbruket i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet, som ligg mellom Stavanger og Randaberg kommune. I nedbørsfeltet er det totalt 27 produsentar som søker produksjonstilskot og som disponerer jord i nedbørsfeltet. Det er variert jordbruksproduksjon i området. Dette notatet viser resultatet frå tilleggsberekinga av verdiskaping frå den jordbruksaktiviteten som skjer i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet.

Metode og datagrunnlag

Berekning av verdiskaping frå jordbruket som ligg i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet vert i hovudsak gjort på same måte som ved berekningane for jordbruket i Rogaland. Det er teke utgangspunkt i tal dyr og areal med ulike vekstar for føretaka i området.

Statsforvaltaren har bidratt med å beskrive føretaka som ligg i nedbørsfeltet og kva produksjonar som er innanfor området. For dei aktuelle føretaka er det henta tal for produksjonsomfang frå Landbruksdirektoratets tilskotsdatabase for 2022. For å berekne kor stor del av produksjonsomfanget som høyrer til i nedbørsfeltet, er det teke utgangspunkt i kor stor del av jordbruksarealet som er innanfor området. For produksjon av planteprodukt, som korn, potet, grønsaker og bær, er arealtalet i notat frå Statsforvaltaren (ikkje publ.) nytta direkte i berekningane. Verdiskaping frå veksthus er basert på produsert kg tomat og agurk henta frå tilskotsdatabasen.

For dei grovfôrbaserte husdyrproduksjonane er dyretalet på teljedato 1.5.2022 justert i forhold til kor stor del av det totale grasarealet på bruket som er innanfor nedbørsfeltet. Det er rekna med



NIBIO

forholdsvis lik justering av kvart dyreslag for bruk som har fleire produksjonar. Produksjon av storfekjøt på innkjøpte kalvar er rekna saman med kjøtproduksjon med ammekyr basert på kg slakt. For fjørfe og svin er 100 prosent av produksjonen inkludert i berekningane for dei bruka som har driftssenteret innanfor nedbørsfeltet. Her er det kg slakt som er lagt til grunn.

I nedbørsfeltet er det òg nokre areal som er nytta til produksjonar som ikkje er inkludert i tilskotsdatabasen. Dette omfattar juletre, hagesenter og grasareal som er nytta til hest. Verdiskaping frå juletreproduksjon er ikkje inkludert i dette notatet. Dette er rekna som tilleggsnæring. For hagesenter er det henta tal for rekneskapsåret 2022 frå Proff.no. Verdiskaping frå areal som er nytta til fôrproduksjon for hest er berekna etter kostnader til produksjon av fôr med eit estimert bruttoprodukt per daa, med kjelde i handbok for driftsplanlegging.

Det økonomiske datagrunnlaget for dei ulike driftsformene er henta frå NIBIOs driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2022, og er det same som er nytta i berekninga for heile fylket. Verdiskaping, som bruttoprodukt, frå dei føretaka som ligg i nedbørsfeltet er derfor ikkje basert på faktiske rekneskapstal frå det enkelte føretaket, men på gjennomsnittstal frå bruk med same driftsform og same driftstilhøve. Unntaket er hagesenteret som ligg i nedbørsfeltet, der det er nytta rekneskapstal.

Berekningane er gjort for kvart føretak, men i tabellar og figurar i dette notatet er resultatata presentert per driftsform.

Verdiskaping er berekna som bruttoprodukt inkl. tilskot. I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i til dømes nasjonalrekneskapen. Tilskota er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Ein kan også argumentere med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

VERDISKAPING = BRUTTOPRODUKT

Sum inntekter

+ Familiens arbeid på nyanlegg

– Sum kostnader før avskrivningar

+ Kostnader til leigd hjelp

+ Kostnader til jordleige

= Brutttoprodukt inkl. tilskot

For meir detaljert beskriving av metode og datagrunnlag for berekningane, vert det vist til kapittel 2.2 i Knutsen mfl. (2024).



NIBIO

Produksjonsomfang

Tabell 1 viser omfanget av den jordbruksproduksjonen som er rekna å føregå i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet. Det er både mjølkekyr, ammekyr (inkl. storfeslakt på innkjøpt kalv), sauehald og produksjon av svinekjøt. Av planteproduksjon er det noko kornproduksjon og potet- og hagebruksproduksjon i området. Det er også veksthusproduksjon av agurk. I tillegg til produksjonane som er viste i tabell 1, ligg også eit hagesenter i nedslagsfeltet.


For dei føretaka som berre har delar av arealet innanfor nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet, er det tatt utgangspunkt i det arealet som er i nedbørsfeltet. Dette er omtalt under «metode og datagrunnlag» over.

Tabell 1 Omfang av jordbruksproduksjon som er rekna å være i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet

Produksjon	Eining	Omfang
Mjølkeproduksjon	tal kyr	88
Storfekjøttproduksjon	tal ammekyr	36
Sauehald	tal sau	170
Svinehald	kg slakt	190 174
Korn	dekar	563
Potet og grønsaker	dekar	494
Frukt og bær	dekar	126
Grasproduksjon til hest	dekar	500
Veksthusproduksjon, agurk	kg	355 414


Verdiskaping

I alt er verdiskaping frå jordbruket i nedslagsfeltet rundt Hålandsvatnet estimert til 23,1 mill. kr basert på data frå 2022. I tillegg kjem verdiskaping frå hagesenteret som ligg i nedslagsfeltet. Basert på data frå Proff.no, er verdiskaping frå dette berekna til ca. 8,6 mill. kr. Figur 1 viser verdiskaping frå dei ulike produksjonane inkludert hagesenteret.



Figur 1 Verdiskaping frå ulike produksjonar, mill. kr, 2022

Basert på same grunnlag som berekningane for Rogaland, utgjer sysselsetting frå landbruket i nedbørsfeltet rundt Hålandsvatnet 47,9 årsverk. Figur 2 viser bruttoprodukt og sysselsetting frå jordbruket i nedbørsfeltet. I denne figuren er hagesenteret¹ inkl. i veksthusproduksjonen.



Figur 2 Sysselsetting og verdiskaping frå ulike produksjonar, 2022

¹ Det er registrert 28 tilsette i Hagesenteret (Proff.no). Ut frå lønskostnad er det rekna 1/2 årsverk per tilsett.



NIBIO

Litteratur

Knutsen, H, Gran, E., Bern, A., Malasevska, I. og Nielsen, H. 2024. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Rogaland. NIBIO-rapport 10 (124) 2024.

<https://hdl.handle.net/11250/3167881>

Statsforvaltaren i Rogaland (upubl). Notat om føretaka som ligg i nedbørsfeltet